
Vår referanse 2021/38653-2
Dato 20.08.2021

SEIM EIENDOMSUTVIKLING AS
NESBREKKA 28
5912 SEIM

Uttale- Byggegrense og avkøyrsløse - fv. 5474 Lurevegen - Gnr 172 bnr 29 - Alver kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå byggegrense datert 03.08.2021. Vi viser og til søknad om flytting av avkøyrsløse, vårt snr. 2021/38611.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om å oppføre to bustader på gnr. 172 bnr. 29 i Alver kommune. Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense på 7 meter frå vegmidte, samt flytte avkøyrsløse for å få ei betre utforming som tilrettelegg for auka bruk av avkøyrsløsa.




Fig: Situasjonsskart vedlagt søknad.

Uttale:

Byggegrenser skal ta omsyn til trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Omsøkte tiltak ligg langs fylkesveg 5474 Lurevegen. Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årstdøgertrafikk er 950 køyretøy. Strekinga er klassifisert til *Haldningsklasse 3* jf. *Rammeplan 2021 - 2024*. Fylkesvegen er svært smal på denne strekinga og har ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Deler av tomta det skal byggjast på ligg innanfor «Gul støysone» jf. våre støvvarslingskart.

Den generelle byggegrensa langs fylkesveg er 50 meter frå vegmidte. Dersom ein legg til grunn *Rammeplan* kan vi akseptere ei byggegrense på 30 meter frå vegmidte. Teikningane vi har fått tilsendt er for lite detaljert i høve til tiltaket det søkast om. Vi kan heller ikkje gå i dialog om byggegrense før det vert levert detaljerte byggjeteikningar som omfattar alle tiltak innanfor

byggjegrensa, både bygg, parkering, planering, avkøyrslø mm. Vi kan ikkje akseptere ei byggjegrense på 7,5 meter.

Vi vil vanlegvis kunne opne for utvida bruk av avkøyrslø, dersom tekniske krav til utforming vert stetta.

Vi vil i første omgang be om at tiltaket vert avklart med Alver kommune, og i sær i høve til plankrav, skuleveg og nabogrense.

Sluttord:

Vestland fylkeskommune meiner at tiltaket bør vurderast av Alver kommune, der ein særleg tek stilling til plankrav for tiltaket.

Vestland fylkeskommune vil ikkje akseptere ei byggjegrense på 7,5 meter frå vegmidte. Det er behov for å utvide fylkesvegen på strekninga og leggje til rette tilbod for mjuke trafikantar for mellom anna å sikre trygg skuleveg.

Dersom du ynskjer å oppretthalde søknad om dispensasjon frå byggjegrense 7,5 meter frå vegmidte vil vi innstille på avslag. Du vil då få ei meir grundig grunngjeving for avslaget, og du vil ha klagerett på vedtaket. Gje gjerne ei tilbakemelding på ynskjer kva saksgang du ynskjer til post@vlfk.no.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringjør

Tone Bøyum
senioringenjør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Alver kommune Postboks 4